



Dc Eikefet Aggregates AS  
Eikemovegen 3  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15166 - 20/66937

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
13.11.2020

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søkanden (parsell 1) - gbnr 220/2 og 220/13 Store Urdal**

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 220/2  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om arealoverføring av ein parsell frå gbnr 220/2 til 220/13 den 07.09.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikefet Urdal steinbrot og deponi, planid 1263-201107, i hovudsak er avsett til råstoffutvikling (BRU), medan ein mindre del langs vegen inn i dalen er avsett til naturføremål (LNA).

Delar av arealet ligg innanfor sikringssone H190\_1, sone for ras- og skredfare H310\_1 og anna faresone H390\_1 (steinsprang/steinsprut).

Det går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 at reguleringsplanen gjeld med endring/supplering av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og ser at tiltaket krev dispensasjon frå byggegrensa langs vassdrag slik ho går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031.

Kommunen er positiv til arealoverføring, men kan ikkje behandla søknaden før det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa langs vassdrag. Vi ser elles at gjenpart av nabovarsel manglar.

Vi ber om at søknaden vert supplert med

1. Gjenpart av nabovarsel
2. Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag

Arealoverføringa av areal avsett til naturføremål (LNA) krev behandling etter jordlova. Søknaden vert oversend landbruksavdelinga i eiga oversending.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Dc Eikefet Aggregates AS

Eikemovegen 3

5994 VIKANES